



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
048/25	Ungdomsrådet	03.11.2025
068/25	Utvalet for oppvekst og kultur	04.11.2025
037/25	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	05.11.2025
211/25	Formannskapet	06.11.2025
087/25	Kommunestyret	06.11.2025

Framtidas skule i Sunnfjord kommune- oppfølging av vedtak

Vedtak i Kommunestyret 06.11.2025:

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadane som føreligg, med byggestart i februar 2026
2. Ny felles ungdomsskule blir ombygd etter dei planane og kostnadane som føreligg
 - a. Skulen skal vere klar til skulestart i 2026
 - b. Det vert tilsett rektor ved den nye felles ungdomsskulen så snart som råd for å sikre gode prosessar og involvering av tilsette, elevar, FAU og andre involverte partar
 - c. Ramma til uteområdet ved Hafstad ungdomsskule vert utvida med kr. 500.000. Auke i eigenandel vil utløyse spelemidlar til første byggesteg og deler av andre byggesteg, som då kan ferdigstillast. Ferdigstilling av uteområdet på Hafstad skal innarbeidast i økonomiplanen for 2026-2030
3. Halbrend skule blir oppgradert med SFO og uteområde tilpassa ein barneskule frå skulestart 2026, under føresetnad av at ungdomstrinna har flytta
4. Ungdomstrinnet og barnetrinnet ved Vassenden skule blir samla til ein kombinert skule i barneskulebygget frå skulestart 2026
5. Elevråda og elevane må vere tett kopla på i den vidare prosessen og få høve til å kome med innspel. Det er viktig å sikre ein god og trygg overgang. Det forutset tidleg og klar informasjon til elevar, foreldre og tilsette om kva som skal skje
6. Tiltaka blir finansiert innafor ramma på 270 millionar kroner som er sett av i økonomiplanen til skuleformål. Justeringar mellom tiltaka blir ein del av arbeidet med økonomiplanen for 2026-2030
7. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere midlar mellom tiltaka ved behov for justeringar. Formannskapet og Utval for oppvekst og kultur skal haldast orientert om framgangen i prosessen i kvart møte. Formannskapet skal haldast orientert om den økonomiske situasjonen for dei ulike tiltaka.

Innstilling frå Formannskapet 06.11.2025:

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadane som føreligg, med byggestart i februar 2026
2. Ny felles ungdomsskule blir ombygd etter dei planane og kostnadane som føreligg
 - a. Skulen skal vere klar til skulestart i 2026
 - b. Det vert tilsett rektor ved den nye felles ungdomsskulen så snart som råd for å sikre gode prosessar og involvering av tilsette, elevar, FAU og andre involverte partar
 - c. Ramma til uteområdet ved Hafstad ungdomsskule vert utvida med kr. 500.000. Auke i eigenandel vil utløyse spelemidlar til første byggesteg og deler av andre byggesteg, som då kan ferdigstillast. Ferdigstilling av uteområdet på Hafstad skal innarbeidast i økonomiplanen for 2026-2030
3. Halbrend skule blir oppgradert med SFO og uteområde tilpassa ein barneskule frå skulestart 2026, under føresetnad av at ungdomstrinna har flytta
4. Ungdomstrinnet og barnetrinnet ved Vassenden skule blir samla til ein kombinert skule i barneskulebygget frå skulestart 2026
5. Elevråda og elevane må vere tett kopla på i den vidare prosessen og få høve til å kome med innspel. Det er viktig å sikre ein god og trygg overgang. Det forutset tidleg og klar informasjon til elevar, foreldre og tilsette om kva som skal skje
6. Tiltaka blir finansiert innafor ramma på 270 millionar kroner som er sett av i økonomiplanen til skuleformål. Justeringar mellom tiltaka blir ein del av arbeidet med økonomiplanen for 2026-2030
7. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere midlar mellom tiltaka ved behov for justeringar. Formannskapet og Utval for oppvekst og kultur skal haldast orientert om framgangen i prosessen i kvart møte. Formannskapet skal haldast orientert om den økonomiske situasjonen for dei ulike tiltaka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadane som føreligg, med byggestart i februar 2026
2. Ny felles ungdomsskule blir ombygd etter dei planane og kostnadane som føreligg. Skulen skal vere klar til skulestart i 2026
3. Halbrend skule blir oppgradert med SFO og uteområde tilpassa ein barneskule frå skulestart 2026
4. Ungdomstrinnet og barnetrinnet ved Vassenden skule blir samla til ein kombinert skule i barneskulebygget frå skulestart 2026
5. Tiltaka blir finansiert innafor ramma på 270 millionar kroner som er sett av i økonomiplanen til skuleformål. Justeringar mellom tiltaka blir ein del av arbeidet med økonomiplanen for 2026-2030
6. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere midlar mellom tiltaka ved behov for justeringar. Ved større endringar, eller avvik blir saka lagt fram for formannskapet for godkjenning.

Bakgrunn for saka

Det er fleire omfattande tiltak i skulesektoren for å omstille Sunnfjord kommune til framtidas demografiske utfordringar. Tiltaka har samanheng og påverkar andre tiltak innafor barnehage, skule og omsorg. Sande skule har eit stort behov for oppgradering og utbetring for at elevar og tilsette skal få ein god læringsarena og eit godt arbeidsmiljø. Gjennom samspelsprosessen med Veidekke AS er endelege kalkyle og planar for bygget klare. For å

få oversikt over dei ulike tiltaka, planar og kostnader, blir det lagt fram ei samla sak for politisk handsaming.

Saka omhandlar ny felles ungdomsskule i Førde sentrum, samanslåing av Flatene skule og Halbrend skule til ny barneskule, og samanslåing av barnetrinnet og ungdomstrinnet på Vassenden skule.

I samband med prosessen kvalitet og kapasitet i skulen, vedtok kommunestyret følgjande:

KST- 017/25 Vedtak:

1. Følgjande endringar i skulestrukturen blir gjennomført i Sunnfjord kommune:

- a. Vassenden skule vert samla i eitt skulebygg, frå hausten 2026.
 - b. Ungdomstrinnet ved Halbrend skule blir slått saman med Førde ungdomsskule, til ein felles ungdomsskule på Hafstad. Det skal lagast ein plan for overgangen til ny felles ungdomsskule, der representantar frå dei to skulane skal vere med i utarbeidinga. Planen skal leggjast fram for politisk behandling i god tid før handsaming av årsbudsjett for 2026.
 - c. Førde barneskule blir flytta til FUSK-bygget når bygget er klargjort for barneskule
 - d. Elevane ved Flatene skule blir flytta til Halbrend skule, som blir ein skule med elevar frå 1.-7. trinn, når bygget er klargjort for barneskule.
 - e. Ungdomstrinnet ved Viksdalen skule blir flytta til Sande skule frå skulestart 2029, med forutsetning av at Sande skule er ferdig ombygd. Dersom skulen får ei elevtalsutvikling som gjev grunnlag for ein berekraftig ungdomsskule, skal saka vurderast på nytt.
 - f. Kommunestyret ber om å få ei utgreiing av oppveksttun på Viksdalen skule og Sunde skule.
 - g. Vaksenopplæring og integrering skal lokalisert i kommunalt bygg.
2. Det samla ressursnivået i skulen blir redusert med 6,5 millionar kroner i tillegg til reduksjonen på 35 millionar kroner som føl av elevtalsnedgangen.
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. For tilsette blir det utarbeid ein bemanningsplan saman med tillitsvalde og verneombod.
4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av kommunestyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2026-2030 og årsbudsjettet for 2026.
5. Klassedelingsplanen på 28 elevar i barneskulen og 30 elevar i ungdomsskulen blir oppheva frå hausten 2025 som følgjer av ny ressursmodell i skulen. Opplæringslova sitt krav om forsvarlege grupper blir lagt til grunn for rektor ved samansetjing av klassar/grupper.
6. Forskrift om kringsgrenser i Sunnfjord kommune blir revidert og sendt ut på høyring hausten 2025.

Følgjande aktuelle vedtak om Sande skule ligg til grunn for saka:

Vedtak i Kommunestyret 21.09.2023:

1. Sande skule blir bygd etter alternativ 2, som inneber ei løysing med delvis nybygg og rehabilitering.
2. Finansiering av auken i netto kostnad kjem ein tilbake til i behandling av neste økonomiplan.
3. Den samla økonomiske ramma for nybygg og rehabilitering av Sande skule blir sett til 200 mill. kroner.

Vedtak i Formannskapet 10.04.2025, sak 078/25: Det blir inngått kontrakt med Veidekke as for å starte opp samspelsprosessen fase 1, med mål om å redusere kostnadane med så mykje som er forsvarleg og mogleg innfor rammene av prosjektet. Resultatet av prosessen blir lagt fram for formannskapet som tek stilling til om prosjektet skal halde fram, eller avbrytast.

Vedtak i Formannskapet 26.06.2025, sak 138/25: Det blir arbeidd vidare med samspelsprosessen for å redusere kostnadane i prosjektet ytterlegare, ved å optimalisere arealbehovet ned til minimum standardar for skulebygg og vurdere alternative lokale for elevane i byggeperioden. Det blir lagt fram ei sak for formannskapet i september, med eit endeleg kostnadsbilde for prosjektet Sande skule.

Saksutgreiing

Gjennom prosessen kvalitet og kapasitet i skulen, vart det gjort eit grundig arbeid for å få fram kapasitet og moglege løysingar for å redusere kostnadane i sektoren. Elevar, foreldre, tilsette og tillitsvalde var involvert på fleire nivå i arbeidet. Det vart gjennomført informasjonsmøte og henta inn høyringsuttalar som grunnlag for saka. Resultatet av prosessen vart vedtaket i kommunestyret i KST sak 17/25. Det er i etterkant arbeidd for å planlegge og prosjektere tiltaka. Planar og prosjekt som krev investeringar skal leggjast fram for godkjenning av kommunestyret j.fr. punkt 4 i vedtaket. Slik kommunedirektøren tolkar vedtaket, gjeld det planar og økonomi i dei ulike prosjekta. Ikkje sjølv grunnlaget for dei ulike tiltaka, sidan desse er vedteke. Saka er difor avgrensa til kvalitet i tiltaka og finansiering av tiltaka. I samband med kvalitet og kapasitet vart elevar, foreldre og tilsette involvert og barnets beste vurderingar er gjennomført.

I saka er det er lagt vekt på prosess, bygg, uteområde, kvalitet, økonomi og vurdering av tiltaket. Til slutt i saka kjem ei oppsummering og oversikt over finansiering og kommunedirektøren si samla vurdering.

Ny felles ungdomsskule i Førde

Den nye ungdomsskule skal handtere eit elevtal på 548 elevar og 19 klassar frå skulestart i 2026. Frå skuleåret 27/28 vil klassetalet bli redusert til 18 klassar og frå skuleåret 28/29 vil elevtalet bli redusert til 486 elevar. Elevtalet vil bli ytterlegare redusert framover. Ungdomsskulen vil handtere elevtalet i framtida sjølv med ein ny elevtalsauke opp mot 550 elevar.

Prosess

I forprosjektet var det viktig å få fram innspel frå tillitsvalde, rektorar, tilsette og hovudverneombod gjennom samhandling med arkitekten til iVest Consult as. iVest Consult as kartla bygget og kom med sine tilrådingar. Eit forprosjektet handlar om å få fram eit godt grunnlag for vedtak slik at det seinare i prosessen ikkje oppstår større meirkostnader ved prosjektet. Resultatet etter dei innspela som kom og iVest Consult as sine anbefalingar var ein kalkyle på 82 millionar kroner.

Etter vedtak i formannskapet har det blitt arbeidd med kostnadsreducerande tiltak. Målet har vore å redusere kostnadane utan å redusere kvaliteten på læringsareal og arealet for dei tilsette. I prosessen har det blitt vurdert endringar i planløyisinga og behovet for tekniske oppgraderingar av bygget.

Det er vektlagt gode løysingar for elevar med særskilte behov, og gode arenaer for praktisk estetiske fag og spesialrom.

Bygg

I kalkylen frå iVest Consult as vart det vurdert behov for å installere eit sprinkleranlegg. Tiltaket hadde ein høg kostnad med ei kalkyle på ca. 10 millionar kroner. Skular er som regel kategorisert i risikoklasse 2-3 og har ikkje behov for sprinkleranlegg. Skular har ikkje overnatting utanom eventuell utleige og det er heller ikkje mengder med brannfarleg

materiale i bygget. I prosessen har det blitt hente inn ny informasjon og det er konkludert med at det ikkje er behov for eit slikt anlegg. Tiltaket utgjer ein stor del av dei reduserte kostnadane i kalkylen.

I dei oppdaterte planane er det gjort nye vurderingar for oppgradering av VVS, akustikk og EI-installasjonar. Konklusjonen at det er mogleg å redusere kostnadane noko utan at det går ut over kvaliteten på skulen som læringsarena.

Grunnprinsippa og kvaliteten i planløysinga er ikkje endra i prosessen med kostnadsreduksjon. Det er gjort nokre mindre endringar i behovet for å etablere ny vegg og flytte på vegg i bygget. Nokre endringar har gitt ein positiv effekt på planløysinga som t.d. løysinga med keramikkrom. Ved å redusere behovet for å flytte vegg har byggekostnadane blitt redusert, sidan etablering av nye vegg i eksisterande rom utløyser ein høgare kostnad for utbetring. Endringar som er gjennomført i planløysinge er følgjande:

Plan 1, fjerna eit mindre samtalerom i foajeen. Redusert behov for ekstra vegg i første del av spesialpedagogisk avdeling. Ikkje etablere kontor til miljøarbeidar og lager i musikkrom. Nytte eksisterande kontor til miljøarbeidar i biblioteket. Flytta keramikk til rommet ved sidan av sløydsalen, teikneforming og tekstil er samla i det store praktisk estetiske rommet. Ikkje lyd dempende tiltak i musikkrommet.

Plan 2, mindre ombygging av resepsjonen og ikkje flytte på ein vegg i tilknytning til resepsjonen. Oppretthalde eksisterande løysing i blokk C med møterom og grupperom.

Ved å gjennomføre desse endringane er dei samla byggekostnadane redusert.

Kvalitet

Den nye ungdomsskulen vil ha gode kvalitetar for undervisning og eit læringsmiljø som i samsvar med utviklinga i skulen og anbefalingar for skulebygg.

Klasseromma er store og gir rom for fleksibel organisering av undervisninga, med ulike soner og aktivitetar i klasseromma. Store klasserom har gode rammer for inkluderande praksis. Flest mogleg av elevane uansett utfordringar, skal ha sin læringsarena i klasserommet.

Skulen får ein spesialpedagogisk avdeling med grupperom, spesialrom og stellerom. I tillegg er eit aktivitetsrom/samlingsrom tilknytt avdelinga.

Spesialrom til praktisk arbeid blir ivaretatt på 4 ulike arenaer tilpassa dei ulike aktivitetane. Teikneforming, tekstil keramikk og sløyd. Sløydsalen er lagt slik at elevane kan arbeide ute og inne t.d. i arbeidslivsfag. Det er ei utgangsdør frå sløydsalen og ut.

Naturfag får gode fasilitetar. Romma vil ha avsug, tilpassa utstyr og eit lager/planleggingsrom. To store skulekjøkken blir etablert i 1. etasje.

Skulen har gode fellesareal, møteplassar i gangarealet og eit ute/inne rom organisert for samlingar og aktivitetar.

Dei tilsette har tilgang på kontor og andre fasilitetar som oppfyller arealkrava. Skulen har eit stort personalrom.

Planløysinga gir skulen gode kvalitetar for fleksibel læring, praktisk arbeid, inkluderande praksis og trivsel.

Uteområde

I planane blir byggetrinn 1 realisert og det vil bli arbeidd med å finansiere deler av byggetrinn 2. Aktivitetar som er planlagt i byggesteg 1 og 2 kan delvis finansierast med spelemidlar og det vil bli arbeid for å få realisert multibana som ein del av byggesteg 1. Tidsperspektivet for bana vil ha samband med finansiering, men vi vil starte arbeidet så snart som råd for å nå søknadsfristar.

Kvaliteten på uteområdet vil bli betre enn noverande ungdomsskular. Førde ungdomsskule har ein ballbinge og elles plen og asfalt. Ungdomstrinnet på Halbrend har ein ballbinge, plen og asfalt på området der ungdomstrinnet er lokalisert .

Samla sett vil kvaliteten på den nye ungdomsskulen bli på same nivå, eller høgare enn dagens to ungdomsskulane. Det blir gode fasilitetar for praktisk estetiske fag, store klasserom, gode fellesområde, spesialpedagogisk avdeling og eit uteområde med møteplassar og aktivitetar.

I rapporten “morgendagens skole” har SINTEF trekt fram nokre viktige faktorar for ein skule bygd for framtida. Nokre av faktorane rapporten legg vekt på er følgjande:

Berekraft og stadutvikling:

Skulebygg bør planlegges som en del av lokalsamfunnet, med moglegheit for bruk utenom skuletida, for å skape et levende og berekraftig nærmiljø.

Den nye ungdomsskulen vil bli ein del av eit område med ulike fasilitetar, Hafstadparken, kulturskulen og Førdehuset (ungdomsklubben) . Desse ressursane kan ein sjå i samanheng med utvikling av uteområde rundt skulen og skulebygget. I framtida vil det vere berekraftig å planlegge med sambruk og utvikling i Førde sentrum.

Kulturskulen kan vere aktuell arena å nytte til undervisning i musikk. Kulturskulen har god kapasitet og har gode fasilitetar.

Fellesskap på tvers av generasjonar:

Utforming som legg til rette for uformelle møter mellom barn og voksne for å bygge fellesskap i lokalsamfunnet.

Opparbeiding av uteområdet kan utgjere eit nærmiljøområde i sentrum som kan samle voksne og barn. I tillegg kan skulen nyttast som samlingspunkt i sentrum ved å nytte skulen sine fellesrom og areal som møteplassar. Døme på slike møteplassar er eldre kafe, korøvingar, møter og møteplassar i integreringsarbeidet.

Pedagogisk tilpassing:

Fleksible løsninger som kan tilpassast ulike behov og endringar i elvtal.

Store klasserom og gode arenaer gir rom for praktisk estetiske fag og for fleksibel undervisning og inkluderande praksis

Tryggleik og trivsel:

Skap et «heimeområde» i skulebygget for å bidra til tryggleik, og legg til rette for uformell bruk av ute- og inne.

Den nye ungdomsskulen har eigna rom for å skape samlingar og arenaer for tryggleik og trivsel. Det er ein innegard (glasgard) som arena for aktivitet og samlingar. Glasgarden er i nær tilknytning til uteområde ved skulen.

Etter kommunedirektøren si vurdering vil ungdomsskulen ha kvalitetar ute og inne som er like gode, eller som er betre enn dei noverande ungdomsskulane.

Framtidig vedlikehald

Blokk A,B,D er frå byggeåret og er 28 år gammalt. Bygget er i god stand og det vil ikkje vere behov for omfattande vedlikehald dei neste 10 åra. Bygg C er eldre, men blir oppgradert slik at det ikkje er behov for vedlikehald i nær framtid.

Samla sett blir skulen oppdatert etter dei krava som gjeld akutt vedlikehald. I løpet av ein 10 års periode vil det vere behov for følgjande anbefalte større tiltak:

- Byte glasfasade ut mot E-39, og større fasade vindauge ned mot elva.

- Byte vindauge i C blokka og utbetre fasaden og tak
- Nye ventilasjonsaggregat i bygg A, B, C og D
- Generelt vedlikehald

Førde ungdomsskule er frå 1974 , Flatene skule er frå 1997 og deler av Halbrend skule er frå 1974. I tillegg er det store behov for vedlikehald og renovering av Førde barneskule i eit kort tidsperspektiv. Hafstad vidaregåande skule er i god stand og vil bli oppgradert. Med behov for generelt vedlikehald og større behov i eit 10-årig perspektiv, vil ikkje kostnadane til vedlikehald bli høgare enn forventta vedlikehald på Flatene skule og Førde barneskule. Særleg Førde barneskule vil ha ein høg kostnad for å bli oppgradert.

Økonomi

For å redusere kostnadane i prosjektet er følgjande område redusert:

- Sprinklaranlegg i bygget er teke ut sidan det ikkje er krav i om det i bygget med dei endringane som er gjennomført
- Det blir ikkje skifta himlingar i alle tak. Utsifting er redusert til dei romma der det blir gjennomført endringar
- Røyr i C-blokka blir ikkje skifta
- Redusert utsifting av lysarmatur
- Nokre endringar i planløyisinga for å unngå større ombyggingar i rom.
- Reduserte kostnader til uteområdet

Kalkylen etter tiltak er på 40,5 millionar kroner inkludert midlar til uteområde, i tillegg kjem byggerenter og eventuell prisstigning. Kommunedirektøren vil i arbeidet med økonomiplanen vurder behovet for å sette av ein buffer til desse utgiftene.

I økonomiplanen er det avsett 32 millionar kroner til tiltaket

Gjennomføring av tiltaket

Byggetida er estimert til 5 månadar. I entreprisen blir det stilt krav om levering ca. 10. juli. Flytteprosessen vil starte like etter overlevering og det må utarbeidast ein plan for flytting fram til tilsette og elevar startar opp i august.

Bemanningsplanar og avklaringar i samband med samansetting av personalgruppa vil starte opp seinast medio november og skal vere ferdig innan 1. februar 2025. Tillitsvalde og verneombod vil vere involvert i prosessen. Som ein del av prosessen blir det lagt vekt på kulturbygging og felles møtepunkt mellom Førde ungdomsskule og Halbrend skule.

Arbeidet med elevgruppa og informasjon til foreldre vil starte opp i november med informasjon om planar. Det blir viktig å trygge elevane på overgangen til ny skule. Det blir utarbeidd planar for arbeidet med vekt på tryggleik for alle, og spesielt sårbare barn og barn med særskilte behov.

Planane vil innehalde felles tiltak mellom dei to skulane, bli kjend aktivitetar mellom dei to skulane. For elevar med særskilte behov og sårbare barn må helsekompetanse og særskilt oppfølging planleggast inn i tiltaka.

Det er utarbeidd tidsplanar for desse prosessane og detaljerte planar innafor dei ulike områda vil bli utarbeidd.

Barnets beste vurdering

Ny felles ungdomsskule på Hafstad vil gi barna ein god arena for læring og utvikling. For dei sårbare barna og barn med særskilte behov blir bygget ein svært god arena. Kvaliteten på bygget er god og uteområdet blir bra. Flytting frå Førde ungdomsskule og Halbrend ungdomsskule inneber mindre inngripen i barna sin kvardag, då endringar i avstand ikkje er stor. For elevar i Halbrend krins vil skulevegen bli lenger og innebære kryssing av E-39 i sentrum. I nærleiken er det mange fasilitetar som elles blir brukt av barna på fritida uavhengig av kva skule dei går på. Det er ungdomsklubb, Hafstad idrettspark, og kulturskule

i nærområde der ungdomane møtast utanom skuletida. Ein ungdomsskule med 500 - 550 elevar er ikkje ein stor skule og det er ikkje noko som skal tilseie at barn blir påverka negativt av større skular. I ein rapport utarbeidd av professor Thomas Nordahl, blir det konkludert med at den ideelle skolestørrelsen for læringsutbytte er 500-700 elevar. Det er heller ikkje samanheng mellom sosial trivsel og skulestørrelse. I ein overgang vil det kunne påverke elevane med nye lokale og samanslåing av klassar. Desse faktorane kan reduserast gjennom målretta arbeide og tiltak i forkant, for å skape tryggleik. Særleg viktig blir arbeidet retta mot dei sårbare barna. Den viktigaste faktoren for trivsel og fagleg utvikling er det vaksne i skulen og at dei har nok ressursar til å følgje opp barna. Tiltaket er viktig i den omstillinga og innsparinga sektoren står i. Utan ein ny felles ungdomsskule vil alternativet vere å redusere tal tilsette i skulen, noko som vil redusere den viktigaste kvaliteten i skulen som er trygge vaksne med ressursar til å sjå og følgje opp den einskilde elev. Barnets beste vurdering er at tiltaket samla sett ikkje vil ha større negativ verknad på barn, men det må arbeidast med tiltak for å trygge barna i overgangen.

Vurdering

Planane som føreligg vil gi elevar og tilsette ein skule med gode kvalitetar . Skulen ligg sentralt til og vil bidra til å styrke området som møteplass og nærmiljøanlegg mellom sentrum og Hafstadparken. Møteplassar som ungdomsklubb, kulturskule og idrettsanlegg er i nær tilknytning til skulen og gir rom for å utvikle og ein fells ungdomskultur i Førde sentrum. Fleire aktivitetar for deltaking på fritid og etter skuletid er innafor korte avstandar. Med den kalkylen som føreligg er kostnadsnivået på eit nivå som avvik noko frå midlane som er tilgjengeleg i økonomiplanen. Tiltaket er avgjerande for den framtidige skulestrukturen i Sunnfjord kommune og vil og påverke andre viktige tiltak innafor barnehage og omsorg. Sjølv om det vil vere behov for vedlikehald, vil kostnadane likevel vere lågare enn kostnadane ved å rehabilitere Førde barneskule og ikkje redusere kapasiteten på skulebygg i Sunnfjord kommune. Ein ny ungdomsskule har gode kvalitetar og vil gi elevane ein god læringsarena. Kommunedirektøren si vurdering er at planane som føreligg må gjennomførast.

Slå saman Flatene skule og Halbrend skule

Tiltaket inneber å flytte elevane frå Flatene skule til Halbrend skule. Flatene skule har elevar frå 1.-4 trinn og Halbrend skule frå 5.- 7. trinn . Skulane ligg svært nær kvarandre i gangavstand. For å tilpasse Halbrend skule til ein barneskule må det etablerast SFO i bygget. Uteområdet ved Halbrend skule må oppgraderast for å tilfredsstille behova for elevar på 1.-4. trinn. Halbrend skule har god kapasitet og gode kvalitetar for å bli ein barneskule med to parallellar og 14 klassar.

Etablering av SFO og oppgradering av uteområdet ved Halbrend skule

Prosess

Norconsult as har fått oppdraget med å vurdere ulike alternativ for etablering av SFO. Norconsult as har ei avdeling for skule, med fagfolk som har erfaring frå skuledrift. Norconsult har i dialog med skulen kome med framlegg om to alternativ som tilsette har fått til uttale. Med bakgrunn i prosessen er det kome ei anbefalt løysing for å etablere SFO i bygget. Norconsult as legg i sine vurderingar vekt på at Halbrend skule har gode kvalitetar samla sett for å etablere SFO.

Bygg

Halbrend skule har 18 klasserom og kapasiteten kan utvidast ved å omdisponere rom. Det er gode kvalitetar i bygget for praktisk arbeid med sløydsal, tekstil og 2 skulekjøkken. Bygget har gode garderobeløysingar særleg i den rehabiliterte delen, med garderobe for kvar trinn. I enden av bygget mot Halbrend hallen er det i tillegg to kroppssøving garderobar som ikkje blir nytta til føremålet. I tillegg til skulekjøkken er det felleskjøkken i tilknytning til gymsalen. Gymsalen kan nyttast til aktivitetar i SFO. Uteområdet er stort og det god plass til å etablere aktivitetar ulike aktivitetar for elevane på 1.-4. trinn.

Norconsult as sin konklusjon er at det kan etablerast SFO i bygget innafor eksisterande rammer. Det er kapasitet til å nytte klasserom til SFO basar og det er garderobekapasitet. Det kan etablerast 4 basar i tilknytning til trinna, slik at basane kan nyttast til deling, leik og arbeid i skuletida.

Kvalitet

Det er gode kvalitetar i bygget sidan Halbrend skule vart renoverert og ombygd i 2013. I 2021 vart Halbrend hallen teke i bruk og 7-ar bana oppgradert med nytt dekke. I samband med etablering av SFO er det lagt vekt på dei samla kvalitetane som tilgang på kjøkken, praktisk arbeid, gymsal og uteområde. Desse kvalitetane bygger opp underarbeidet med rammeplanen i SFO. Med dei kvalitetane som er i bygget vil skulen vere ein god læringsarena for elevane på 1. - 7. trinn. Bygget legg godt til rette for varierte arbeidsformer, aktivitet og leik. Bygget legg svært gode rammer rundt arbeidet med kompetansemåla og den overordna delen av læreplanen.

SFO vil få gode lokale med garderobar for kvart trinn og SFO basar utan sambruk med klasserom. Basane kan nyttast av skulen til leik og deling i skuletida. SFO vil ha tilgang på alle skulen sine fasilitetar og det er kjøkken tilgjengeleg for matlaging og servering. SFO kan nytte gymsalen til leik og aktivitetar inne og uteområde vil bli etablert i nær tilknytning til SFO. Sjølv om Flatene skule er bygd med tanke på SFO, så vil ein finne igjen dei fleste av kvalitetane på Halbrend skule. Basar for dei ulike trinna, garderobar som kan nyttast i skuletida og i SFO, tilgang på gymsal og uteområde. Det er ikkje eit eige kjøkken på kvar base som det er på Flatene, men det er likevel god tilgang på kjøkken i bygget. Samla sett er kommunedirektøren si vurdering at kvaliteten på SFO langt på veg vil vere tilsvarande Flatene skule. Når uteområdet blir oppgradert vil uteområdet vere av same kvalitet som på Flatene skule. Flatene skule har i dag to-tre leikeapparat, disser, klatrepark og ei ballbane. Utstyret kan flyttast til Halbrend skule og kan i tillegg supplerast med anna utstyr.

Økonomi

SFO og uteområdet kan etablerast innafor ramma avsett i økonomiplanen på 3,5 millionar kroner

Gjennomføring av tiltaket

SFO og uteområdet vil vere klart til skulestart.

Bemanningsplanar og avklaringar i samband med samansetting av personalgruppa vil starte opp seinast medio november og skal ferdigstilt innan 1. februar 2025. Tillitsvalde og verneombod vil vere involvert i prosessen. Som ein del av prosessen blir det lagt vekt på kulturbygging og felles møtepunkt mellom Flatene skule og Halbrend skule.

Arbeidet med elevgruppa og informasjon til foreldre vil starte opp i november med informasjon om planar. Det vil bli viktig å trygge elevane på overgangen til ny skule. Planar for arbeidet med vekt på tryggleik for alle, og dei sårbare barn og barn med særskilte behov blir utarbeidd.

Planane vil innehalde felles tiltak mellom dei to skulane, som t.d. bli kjend aktivitetar og besøk på den nye skulen.

Det er utarbeidd tidsplanar for desse prosessane og detaljerte planar innafor dei ulike områda vil bli utarbeidd.

Barnets beste vurdering

Å flytte elevane frå Flatene skule er ikkje stor inngripen i elevane sin situasjon og kvardag. Det vil i overgangsfasen vere behov for å trygge elevane og særleg dei sårbare elevane. Halbrend skule har samla sett likeverdige kvalitetar som Flatene skule for elevane på 1.-4. trinn. Ein felles barneskule kan vere ein fordel for elevane sosialt og fagleg, sidan det ikkje blir overgangar til ny skule på barnetrinnet.

Vurdering

Tiltaket gir liten inngripen i barn og foreldre sin kvardag, sidan avstanden er liten mellom dei to skulane. Med etablering av SFO og oppgradering av uteområdet vil skulen ha gode kvalitar som barneskule. Ein felles barneskule med elevar frå 1.-7. trinn vil gi elevane eit heilskapleg skulelaup frå 1. - 7. trinn. Økonomisk gir tiltaket god effekt og utgjer ein stor del av den samla omstillinga i skulen. Kommunedirektøren si vurdering er at endringane må gjennomførast og Halbrend skule blir ein barneskule frå 1.-7. trinn.

Vassenden skule

Samle Vassenden skule i eitt bygg

Vedtaket inneber å samle elevane ved Vassenden skule i eit bygg. I dag er skulen delt mellom ungdomsskulebygget og barneskulen. Frå skuleåret 2026-27 bli elevane frå 1.-10.trinn samla i barneskulebygget og ungdomsskule bygget lagt ut for sal. Tiltaket inneber etablering og planlegging av 10 klassar, flytting og montering av utstyr.

Frå skuleåret 2026/27 vil Vassenden skule ha om lag 224 elevar fordelt på 10 klassar. Fødselstala til og med 2025 viser ein svak nedgang i elevtalet dei komande åra. Prognoser frå SSB syner sterkare nedgang. Med fleksibel bruk av bygget og god organisering vil skulen kunne handtere både dagens og framtidig elevtal.

Prosess

FAU, tilsette og elevråd har kome med innspel i møte, samt e-postar til skuleleiinga. Skuleleiinga har utarbeidd forslag til romfordeling og organisering frå skulestart hausten 2026. I vidare prosess skal ein legge plan for flytting og montering av utstyr, samt organisering av kontorlokale.

Bygg og kvalitar

Skulebygget frå 1967 har gjennomgått fleire oppgraderingar og vert vurdert som i god stand. Planløyisinga legg til rette for fleksibel bruk og tilpassing etter klassestorleik. Samling av skulen i eitt bygg vil gi eit meir samla læringsmiljø, enklare organisering og betre utnytting av personalressursar.

Skuleleiinga har laga eit framlegg til romfordeling som sørger for at alle 10 klassane har fått sine klasserom, deriblant også ei klassedeling på 4.trinn. Det er 11 grupperom tilgjengeleg med denne organiseringa. I tillegg har ein klart å skjerme 3 klasserom og eit grupperom til SFO-base. Ved sambruk av desse lokala, vil ein kunne ha endå meir fleksibilitet i planlegging og deling av klassar.

Uteområde og nærmiljø

Skulen har eit oppgradert uteområde med leikeapparat og pump-track, og ønskjer å utvide leikearealet mot vest for meir frileik. Nærleik til Jølstrahallen og natur gir gode rammer for kroppsøving og uteaktivitet.

Skulen har etablert «hjartesone» for trygg avlevering og henting. Samlokalisering vil føre til auka trafikk, både med omsyn til henting og avlevering, samt parkering for tilsette.

Vedlikehald og økonomi

Bygget har behov for noko oppgradering på sikt, då særleg spesialrom for kunst og handverk. I «skuleportrettet» for barneskulen står det at taket bør skiftast.

Samlokaliseringa er planlagt som eit nullprosjekt utan nye investeringar i bygningsmasse. Oppgradering av trådløst nett og flytting av utstyr vert løyst innanfor eksisterande rammer og interne ressursar.

Skulen sitt nettverk må oppgraderast i prosessen.

Vidare arbeid

Det blir arbeidd vidare med planlegging og rom-planar. Om det i prosessen skulle kome fram behov for mindre endringar må desse løysast innafor dei samla rammene til tiltaka i skulen. Det er ikkje avdekka behov for endringar av bygg så langt i tiltaket.

I det vidare arbeidet blir det viktig med god informasjon til elevar, tilsette og foreldre om planar og korleis dei ulike klassane blir plassert. Det må arbeidast inn mot elevgruppa for å trygge dei i overgangen, gjennom felles tiltak i forkant av samanslåinga. Planar for arbeidet vil bli oppgradert undervegs og det blir utarbeidd detaljerte planar for flytting og logistikk.

Barnets beste vurdering

Tiltaket har liten inngripen i barn og unge sin kvardag, sidan skulane ikkje ligg lagt frå kvarandre i avstand. Elevane er kjend med klassane og lærarane. Skulen har god plass slik den er organisert og den største endringa for elevane blir ein skule med fleire elevar og mindre plass. Kapasiteten til skulen blir fullt utnytta etter samanslåing. Det blir viktig å trygge elevane i overgangen, sidan det blir ei meir samsett elevgruppe på skulen. Særleg viktig blir det å følgje opp dei sårbare barna i denne prosessen.

Sande skule

Innleiing

Det har over lengre tid vert behov for å utbetre Sande skule. Bygget er i dårleg stand og det er behov for å utbetre bygg og uteområde. Sande skule har elevar frå 1. - 10 trinn, i tillegg til SFO. Skulen har ca. 300 elevar og har 6 klassar på ungdomstrinnet og 7 klassar på barnetrinnet. Elevtalet vil i framtida halde seg stabilt.

Etter formannskapsmøte 26 juni 2025 vart det vedteke at Sande skule skulle ha ei total kostnadsramme for prosjektet på 189 mil. NOK. I samband med dette vedtaket fekk samspelsorganisasjonen i oppdrag å optimalisere alle delar av prosjektet, med mål om å finne løysingar som varetek ein 1-10 skule innanfor redusert kostnadsramme. Eit grunnleggjande prinsipp i arbeidet har vore å utvikle ein skule som sikrar eit trygt og inkluderande læringsmiljø, og som støttar elevane i deira heilskaplege utvikling.

Prosess

Samspelet mellom Veidekke og Sunnfjord kommune har resultert i ein reduksjon av basiskostnaden frå kr 202 606 039 til kr 164 671 744 inkl. mva. Resultatet er oppnådd gjennom tett samarbeid mellom skule og samspelsorganisasjonen som ble starta opp i veke 33. Det er gjennomført møter omtrent kvar veke internt på skulen og mellom skule og samspelsorganisasjonen. Det er avstemt med verneombod, tillitsvald for Utdanningsforbundet og tillitsvald for fagforbundet, at gjennomført brukarprosess har vært tilfredsstillande.

Under hausten er det gjennomført elevmedverknad, involvering av nærmiljøråd, FAU og Gaular idrettslag.

Det er også gjennomført forhandskonferanse med miljøretta helsevern for skule og plan og bygningsavdeling i Sunnfjord kommune, for å sikre at valt konsept for Sande skule oppfyller krava.

Konsept for Sande skule

Det nye konseptet for Sande skule er redusert med 283 kvm. gjennom å endre planløyisinga som har bidratt til reduksjon av korridorareal. Det er redusert læringsareal for spesial fag som kunst og handverk, keramikk og sløyd som er tilpassa til skulen sin praksis med delte grupper. I prosjektet er auditorium fjerna med grunnlag av dagens reduserte bruk. I rommet blir det etablert læringsareal for musikkundervisning. I prosessen er delingsrom redusert til fordel for større klasserom som støttar kommunen sin modell for ressurstildeling.

Alle forslag om optimalisering har vært kommunisert til referansegruppa på Sande skule, som har kommunisert det vidare internt til arbeidsgrupper i prosjektet, før skissene for konseptet er blitt låst.

Den konseptløyising som ligger til grunn for kalkulasjon av «Målpris 1», ble låst 1 oktober 2025.

Det endelege konseptet for Sande skule er løyst gjennom å plassere ungdomstrinnet i 1 etasje med tilgang til eige uteområde i nord. På ungdomstrinn er det planlagt med to klasserom per tinn og klasseromma har ei størrelse frå 61-81 kvm. som opnar opp for framtidig behov av fleksibilitet. 1 etasjen for ungdomstrinnet har vrimleareal, grupperom, ny toalettkerne og multirom for elevar som har behov for tilpassa opplæring. Med tilrettelegging av vrimleareal og sosiale soner for ungdomstrinnet i 1 etasje blir det mogeleg for barne- og mellomtrinnet å bruke aulaen til samlingar

For å legge tilrette uteområde for ungdomstrinn er det behov å flytte 30 parkeringsplassar for de tilsette. Parkeringsbehovet for de tilsette kan løysast gjennom å flytte parkeringsplassane til område nord om Sande tenestetorg, som kan romme rundt 40 parkeringsplassar. Ved framtidig behov kan ein sjå på mogelegheit til å opprette nye parkeringsplassar sør om Sande prestegard.

I andre etasje er det etablert SFO-base, barnetrinn og mellomtrinn som har tilgang til fellesareal, grupperom, multirom, garderober og toalett. I same etasje er det også etablert nye areal for spesial fag, helsesøster, areal for individuell tilpassa opplæring (ITO) og lærararbeidsplassar for 1-4 klasse (LAP 1-4). Det er prøvd å finne ei balanse med å holde LAP 1-4 så nærm som mogleg til læringsareal og til resten av administrasjonen i 3 etasje. Det er lagt vekt på å plassere helsesøster og ITO avdeling så skjerma som mogeleg, med mogelegheit for å kunne ha ei egen inngang til avdelinga.

I tredje etasje er det lagt til rette areal for administrasjon, lærararbeidsplassar, garderober, toalett og pauserom. Alle etasjar er forbundne av ei ny heis som kan nås gjennom den nye hovudinngang ut mot sentrum.

Kvalitet

Slik planane føreligg vil skulen ha gode kvalitetar for elevar og tilsette. Klasseromma blir store og er i samsvar med tanken om fleksible skulebygg og fleksibelt pedagogisk arbeid. Skulen vil ha tilgang på naudsynte spesialrom. Uteområdet er tenkt oppgradert og det er lagt inn kostnader til innkjøp av utstyr for å utstyre klasserom til fleksibelt arbeid. Skulen vil få gode kvalitetar som vil bygge opp under læringsarbeid og trivsel for elevar og tilsette.

Planar

Det er tenkt byggestart i starten av februar 2026. Byggestart er avhengig av midlertidig drift av skulen. Det vil bli arbeidd vidare med å etablere midlertidig tiltak for våren 2026 og meir permanente løysingar frå hausten 2026 . Det er ein føresetnad for kalkylen at kostnadane til midlertidig drift blir lågast mogleg

I prosessen med midlertidig drift blir tillitsvalde, verneombod og foreldre involvert.

Barnets beste vurdering

Sande skule er i dårleg stand og påverkar barnets læringsmiljø negativt. Ein oppgradert skule vil gi barna eit godt læringsmiljø for læring og utvikling. I perioden med midlertidig drift kan læringsmiljøet bli påverka negativt, gjennom midlertidig bygg og reiseavstand. For å kompensere for dei negative effektane må det arbeidast med kompenserande tiltak. Tryggleik må skapast med god informasjon og førebuing. Samla sett vil barnets beste bli positivt påverka av tiltaket.

Vurdering

Sande skule har over lengre tid vore i dårleg stand og det er eit stort behov for utbetring. Det har blitt arbeid godt med kostnadsreduserande tiltak og kommunedirektøren tilrår tiltaket sjølv om måtalet samla sett ikkje er nådd

Samla økonomi i skuletiltaka

Den samla kostnaden for tiltaka er på 242,5 millionar kroner. I tillegg kjem Førde barneskule som førebels er estimert med 45 millionar kroner. I økonomiplanen er det sett av 270 millionar kroner til skuletiltak. Kommunedirektøren vil tilrå å redusere kostnadane til Førde barneskule, ned til alternativ 1 i Norconsult sin rapport. Kommunedirektøren meiner det er forsvarleg reduksjon sidan rapporten vart utarbeidd før brannen og deler av bygget vart utbetra. Mellom anna er det oppretta ein avdeling for barn med særskilde behov etter brannen. Prosessen med ny felles ungdomsskule viser at ein får gjennomført store endringar innafor ei ramme på 27 millionar kroner. I nye Førde barneskule er det etablering av garderober, SFO og oppgradering av uteområde som vil ha kostnader.

Framlegg til finansiering

Tiltak	Økonomiplan	Kostnad tiltak
Sande skule	189	199
Ny felles ungdomsskule	32	40,5 *
Halbrend skule 1.-7.	3,5	3,5
Ny barneskule	45	27
Vassenden skule	0	0
Sum	269,5	270

Tal i millionar kroner

*I tillegg kjem byggjelånsrenter og prisstigning.

Det vil bli søkt om rentekompensasjon for desse prosjekta

Oppsummering og vurdering

Tiltaka som følgjer av vedtaka i kvalitet og kapasitet heng saman og påverkar kvarandre. Tiltak er knytt opp mot andre sektorar som barnehage og omsorg. Sunnfjord kommune har ein krevjande økonomi og på grunn av dei demografiske endringane har sektoren store økonomiske krav til omstilling og innsparing. Samle sett skal skulen redusere drifta med 82 millionar kroner i laupet av tre år. Eit slikt nedtak vil innebere opp mot 100 stillingar, om ikkje dei vedtekne tiltaka i kapasitet og kvalitet blir gjennomført. Bygg er viktig for at elevar og tilsette skal ha gode arbeidstilhøve. **Men den viktigaste kvaliteten i skulen er dei vaksne**, gode trygge lærarar, fagarbeidarar, assistentar og andre som har kompetanse og ressursar til å sjå kvar elev kvar dag. Difor handlar ikkje saka berre om kvalitet i bygg, men kvalitet i skulen samla sett. Ved å redusere 100 stillingar i skulen vil handlingsrommet til å dele klassar, arbeide med praktisk estetisk fag i mindre grupper, eller å følgje opp tilstrekkeleg kvar einskild elev bli redusert.

Skulebygg er viktig som ei ramme rundt kvaliteten og skal vere i god stand for å gi barn og unge gode tilhøve. Sjølv om den nye ungdomsskulen ikkje får løyst alle behov for utbetring og vedlikehald, vil skulen ha høg kvalitet på læringsmiljøet og uteområdet. Skulen er generelt i god stand og kvalitetane i bygget er god. Klasseromma er store og det er tilrettelagt for spesialundervisning, praktisk estetiske fag og møteplassar ute og inne.

Halbrend skule har gode kvalitetar som barneskule og etablering av SFO og uteområde vil gi skulen tilnærma likeverdige kvalitetar som SFO på Flatene skule. Samla sett har Halbrend svært gode kvalitetar for læring, trivsel og utvikling.

Vassenden skule har kapasitet til å etablere ein kombinert skule med elevar frå 1.-10 trinn. Skulen har hatt god plass i dag og det vil bli mindre plass i ein samla skule. Likevel har skulen kvalitetar som spesialrom, grupperom og SFO base. Uteområdet er under oppgradering.

Sande skule har eit stort behov for oppgradering og prosessen har vore lang. Det er gjort eit grundig arbeid med å redusere kostnadane i prosjektet og det er ikkje rom for å redusere dei ytterlegare.

Framdrift

Kommunedirektøren si vurdering er at framdrift i skulesakene er forsvarleg, men sårbare og det kan difor oppstå tilhøve som gjer at tiltak må utsetjast. Kommunedirektøren vil kontinuerleg vurdere framdrifta i tiltaka og gjere nye vurderingar undervegs.

Kommunedirektøren si samla vurdering

Tiltaka er avgjerande for å omstille for å møte dei demografiske utfordringane som Sunnfjord kommune står framfor. Økonomien er krevjande og det er behov for å redusere kostnadane i drifta. Det er ikkje rom for å drive med overkapasitet på skulebygg og kapasiteten må tilpassast elevtalet. Alternativet er å redusere tal stillingar ut over det som ligg i ressursmodellen, noko som vil redusere kvaliteten i skulen mykje. Sjølv om endring av skulebygg vil påverke elevar, foreldre og tilsette vil alternativet vere meir inngripande for elevar og tilsette. Vi vil i framtida ha ein god skule med gode resultat i ein skule der elevane blir følgt opp av trygge vaksne som har ressursar til å sjå kvar enkelt. Sjølv om vi ikkje får til alt innafor dei rammene vi disponerer, får vi skular som har gode kvalitetar for læring og utvikling. Det vil i framtida vere behov for vedlikehald av bygg og alternativ til tiltaket er å vedlikehalde og utbetre eksisterande bygg som vil ha ein høg kostnad. Tiltaka har og ein samanheng med omstilling i andre sektorar, som barnehage og omsorg. **Kommunedirektøren vil tilrå at planane blir gjennomført slik dei føreligg.**

Førde, den 22.10.2025

Terje Heggheim kommunedirektør	Åge Stafnes kommunalsjef
-----------------------------------	-----------------------------

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 06.11.2025:

Framlegg frå SV, fremja av Eldrid Skudal (SV):

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadene som føreligg, med byggestart i februar 2026.
2. Planane som er lagt fram for ny felles ungdomsskule, ombygging av Halbrend skule og å samle ungdomstrinn og barnetrinn ved Vassenden skule vert ikkje gjennomført.
3. Dei godt fungerande og gode skulane i Førde sentrum (Førde barneskule, Førde ungdomsskule, Flatene skule, Slåtten skule) og Vassenden skule held fram som no.
4. For å spare investeringar og driftsutgifter vert kommunedirektøren beden om å førebu sal av tidlegare Hafstad vgs.

Alternativt framlegg Venstre, fremja av Gunn Merete Paulsen (V):

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadane som føreligg med byggestart i februar 2026, innanfor ei budsjetttramme på 199 mill. kr.
2. Ny felles ungdomsskule i Førde, Halbrend som 1-7-skule og Vassenden som kombinert barne- og ungdomsskule skal vere klar til skulestart 2027. Ombyggingane blir planlagt med krav om at alle elevane skal flytte inn i bygg med minst like god kvalitet innandørs og utandørs som dagens skular, og der det er lagt til rette for eit inkluderande læringsmiljø. Ei flytting av ungdomstrinnet ved Vassenden skule skal først skje når ungdomsskulebygget har kjøpar og prisen er tilfredstillande.
3. Det vert arbeidd vidare med planane for dei tre skulane med innvolvering av tilsette, foreldre og elevar i prosessen.
4. Kommunedirektør kjem tilbake til kommunestyret med kvalitetssikra budsjett for dei tre prosjekta nemnt i punkt 2 innan juni 2026. Prosjekta blir del av økonomiplan 2027-2031.
5. Utsetting av tiltaka ved Vassenden og Førde-skulane blir finansiert ved å utsette innsparingsmåla på skule i eitt år med beløp tilsvarande forventta innsparing på desse tre tiltaka på driftsbudsjettet.

Endringsframlegg frå Savland (H) og Lesto (H), fremja av Paula Kathrine Lesto (H):

4. Ungdomstrinnet og barnetrinnet ved Vassenden skule blir samla til ein kombinert skule i barneskulebygget frå skulestart 2027.

Avstemming:

SV sitt framlegg **fall** med 5 (SV) mot 32 stemmer

Lesto (H) og Savland (H) sitt framlegg **fall** med 13 (Lesto, Savland, Fossen, SV, V, MDG) mot 24 stemmer

Venstre sitt framlegg **fall** med 13 (Lesto, Savland, Nordal, SV, V, MDG) mot 24 stemmer

Formannskapet si innstilling **vart vedteke** med 26 mot 11 stemmer (Lesto, Savland, SV, V) (ikkje MDG, Fossen)

KST-087/25 Vedtak:

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadane som føreligg, med byggestart i februar 2026
2. Ny felles ungdomsskule blir ombygd etter dei planane og kostnadane som føreligg
 - a. Skulen skal vere klar til skulestart i 2026

- b. Det vert tilsett rektor ved den nye felles ungdomsskulen så snart som råd for å sikre gode prosessar og involvering av tilsette, elevar, FAU og andre involverte partar
 - c. Ramma til uteområdet ved Hafstad ungdomsskule vert utvida med kr. 500.000. Auke i eigenandel vil utløyse spelemidlar til første byggesteg og deler av andre byggesteg, som då kan ferdigstillast. Ferdigstilling av uteområdet på Hafstad skal innarbeidast i økonomiplanen for 2026-2030
- 3. Halbrend skule blir oppgradert med SFO og uteområde tilpassa ein barneskule frå skulestart 2026, under føresetnad av at ungdomstrinna har flytta
- 4. Ungdomstrinnet og barnetrinnet ved Vassenden skule blir samla til ein kombinert skule i barneskulebygget frå skulestart 2026
- 5. Elevråda og elevane må vere tett kopla på i den vidare prosessen og få høve til å kome med innspel. Det er viktig å sikre ein god og trygg overgang. Det forutset tidleg og klar informasjon til elevar, foreldre og tilsette om kva som skal skje
- 6. Tiltaka blir finansiert innafor ramma på 270 millionar kroner som er sett av i økonomiplanen til skuleformål. Justeringar mellom tiltaka blir ein del av arbeidet med økonomiplanen for 2026-2030
- 7. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere midlar mellom tiltaka ved behov for justeringar. Formannsskapet og Utval for oppvekst og kultur skal haldast orientert om framgangen i prosessen i kvart møte. Formannsskapet skal haldast orientert om den økonomiske situasjonen for dei ulike tiltaka.

Behandling i Formannskapet 06.11.2025:

Fellesframlegg frå H, AP, SP, FrP, VIP, og KRF, fremja av Helge Robert Midtbø (Ap):

- 1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadane som føreligg, med byggestart i februar 2026
- 2. Ny felles ungdomsskule blir ombygd etter dei planane og kostnadane som føreligg
 - a. Skulen skal vere klar til skulestart i 2026
 - b. Det vert tilsett rektor ved den nye felles ungdomsskulen så snart som råd for å sikre gode prosessar og involvering av tilsette, elevar, FAU og andre involverte partar
 - c. Ramma til uteområdet ved Hafstad ungdomsskule vert utvida med kr. 500.000. Auke i eigenandel vil utløyse spelemidlar til første byggesteg og deler av andre byggesteg, som då kan ferdigstillast. Ferdigstilling av uteområdet på Hafstad skal innarbeidast i økonomiplanen for 2026-2030
- 3. Halbrend skule blir oppgradert med SFO og uteområde tilpassa ein barneskule frå skulestart 2026, under føresetnad av at ungdomstrinna har flytta
- 4. Ungdomstrinnet og barnetrinnet ved Vassenden skule blir samla til ein kombinert skule i barneskulebygget frå skulestart 2026
- 5. Elevråda og elevane må vere tett kopla på i den vidare prosessen og få høve til å kome med innspel. Det er viktig å sikre ein god og trygg overgang. Det forutset tidleg og klar informasjon til elevar, foreldre og tilsette om kva som skal skje
- 6. Tiltaka blir finansiert innafor ramma på 270 millionar kroner som er sett av i økonomiplanen til skuleformål. Justeringar mellom tiltaka blir ein del av arbeidet med økonomiplanen for 2026-2030

7. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere midlar mellom tiltaka ved behov for justeringar. Formannsskapet og Utval for oppvekst og kultur skal haldast orientert om framgangen i prosessen i kvart møte. Formannsskapet skal haldast orientert om den økonomiske situasjonen for dei ulike tiltaka.

Alternativt framlegg Venstre, fremja av Gunn Merete Paulsen (V):

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadane som føreligg med byggestart i februar 2026, innanfor ei budsjettramme på 199 mill. kr.
2. Ny felles ungdomsskule i Førde, Halbrend som 1-7-skule og Vassenden som kombinert barne- og ungdomsskule skal vere klar til skulestart 2027. Ombyggingane blir planlagt med krav om at alle elevane skal flytte inn i bygg med minst like god kvalitet innandørs og utandørs som dagens skular, og der det er lagt til rette for eit inkluderande læringsmiljø. Ei flytting av ungdomstrinnet ved Vassenden skule skal først skje når ungdomsskulebygget har kjøpar og prisen er tilfredstillande.
3. Det vert arbeidd vidare med planane for dei tre skulane med innvolvering av tilsette, foreldre og elevar i prosessen.
4. Kommunedirektøren kjem tilbake til kommunestyret med kvalitetssikra budsjett for dei tre prosjekta nemnt i punkt 2 innan juni 2026. Prosjekta blir del av økonomiplan 2027-2031.
5. Utsetting av tiltaka ved Vassenden og Førde-skulane blir finansiert ved å utsette innsparingsmåla på skule i eitt år med beløp tilsvarande forventta innsparing på desse tre tiltaka på driftsbudsjettet.

Framlegg frå SV, fremja av Eldrid Skudal (SV):

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadene som føreligg, med byggestart i februar 2026.
2. Planane som er lagt fram for ny felles ungdomsskule, ombygging av Halbrend skule og å samle ungdomstrinn og barnetrinn ved Vassenden skule vert ikkje gjennomført.
3. Dei godt fungerande og gode skulane i Førde sentrum (Førde barneskule, Førde ungdomsskule, Flatene skule, Slåtten skule) og Vassenden skule held fram som no.
4. For å spare investeringar og driftsutgifter vert kommunedirektøren beden om å førebu sal av tidlegare Hafstad vgs.

Det kom spørsmål om habilitetsvurdering Gunn Merete Paulsen (V) og Atle Hamar (V). Dei har begge ektefeller som er rektor ved skular som er omfatta i saka.

Kommuneadvokaten gjorde greie for kommunedirektøren si vurdering som konkluderte med tilråding om dei er habile i saka.

Eit einstemmig formannskap erklærte Paulsen og Hamar som habile.

Avstemming:

SV sitt framlegg **fall** med 1 (SV) mot 10 stemmer

V sitt framlegg **fall** med 3 (SV, V) mot 8 stemmer

H, AP, SP, FrP, VIP, og KRF sitt framlegg **vart tilrådd** med 8 mot 3 stemmer (SV, V)

FORM-211/25 Vedtak:

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadane som føreligg, med byggestart i februar 2026

2. Ny felles ungdomsskule blir ombygd etter dei planane og kostnadane som føreligg
 - a. Skulen skal vere klar til skulestart i 2026
 - b. Det vert tilsett rektor ved den nye felles ungdomsskulen så snart som råd for å sikre gode prosessar og involvering av tilsette, elevar, FAU og andre involverte partar
 - c. Ramma til uteområdet ved Hafstad ungdomsskule vert utvida med kr. 500.000. Auke i eigenandel vil utløyse spelemidlar til første byggesteg og deler av andre byggesteg, som då kan ferdigstillast. Ferdigstilling av uteområdet på Hafstad skal innarbeidast i økonomiplanen for 2026-2030
3. Halbrend skule blir oppgradert med SFO og uteområde tilpassa ein barneskule frå skulestart 2026, under føresetnad av at ungdomstrinna har flytta
4. Ungdomstrinnet og barnetrinnet ved Vassenden skule blir samla til ein kombinert skule i barneskulebygget frå skulestart 2026
5. Elevråda og elevane må vere tett kopla på i den vidare prosessen og få høve til å kome med innspel. Det er viktig å sikre ein god og trygg overgang. Det forutset tidleg og klar informasjon til elevar, foreldre og tilsette om kva som skal skje
6. Tiltaka blir finansiert innafor ramma på 270 millionar kroner som er sett av i økonomiplanen til skuleformål. Justeringar mellom tiltaka blir ein del av arbeidet med økonomiplanen for 2026-2030
7. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere midlar mellom tiltaka ved behov for justeringar. Formannskapet og Utval for oppvekst og kultur skal haldast orientert om framgangen i prosessen i kvart møte. Formannskapet skal haldast orientert om den økonomiske situasjonen for dei ulike tiltaka.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 05.11.2025:

Felles framlegg, fremja av Stein Erik Øvrebø ():

Rådet tek kommunedirektøren sitt framlegg til vitande, tilrådd med følgande merknader: Kommunalt råd vil understreke at kommunen må legge til grunn FN Barnekonvensjon artikkel 23 om barn sine rettar. Alle born med psykiske og fysiske funksjonsnedsettingar har rett til tilrettelegging, slik at dei kan delta, utvikle seg og ha opplæring på lik linje med ande born. Det må gjelde både for planlegging og gjennomføring av ny skulestruktur og ikkje minst ved å involvere elevar, føresette, brukarorganisasjonar og rådet for å få gode overgangar og eit godt resultat.

Gjennomgang av saka og svar på spørsmål ved kommunalsjef Åge Stafnes

Avstemming:

Rådet tek kommunedirektøren sitt framlegg til vitande, tilrådd med følgande merknader: Kommunalt råd vil understreke at kommunen må legge til grunn FN Barnekonvensjon artikkel 23 om barn sine rettar. Alle born med psykiske og fysiske funksjonsnedsettingar har rett til tilrettelegging, slik at dei kan delta, utvikle seg og ha opplæring på lik linje med ande born. Det må gjelde både for planlegging og gjennomføring av ny skulestruktur og ikkje minst ved å involvere elevar, føresette, brukarorganisasjonar og rådet for å få gode overgangar og eit godt resultat.

RMNF-037/25 Vedtak:

Rådet tek kommunedirektøren sitt framlegg til vitande, tilrådd med følgande merknader:

Kommunalt råd vil understreke at kommunen må legge til grunn FN Barnekonvensjon artikkel 23 om barn sine rettår. Alle born med psykiske og fysiske funksjonsnedsettingar har rett til tilrettelegging, slik at dei kan delta, utvikle seg og ha opplæring på lik linje med ande born.

Det må gjelde både for planlegging og gjennomføring av ny skulestruktur og ikkje minst ved å involvere elevar, føresette, brukarorganisasjonar og rådet for å få gode overgangar og eit godt resultat.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 04.11.2025:

Framlegg frå SV, fremja av Liv Jorunn Sellevold (SV):

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadane som føreligg, med byggestart i februar 2026.
2. Planane som er lagt fram for ny felles ungdomsskule, ombygging av Halbrend skule og å samle ungdomstrinn og barnetrinn ved Vassenden skule vert ikkje gjennomført.
3. Dei godt fungerande og gode skulane i Førde sentrum (Førde barneskule, Førde ungdomsskule, Flatene skule, Slåtten skule) og Vassenden skule held fram som no.
4. For å spare investeringar og driftsutgifter vert kommunedirektøren beden om å førebu sal av tidlegare Hafstad vgs.

Alternativt framlegg frå Venstre, fremja av Åge Avedal (V):

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadane som føreligg med byggestart i februar 2026, innanfor ei budsjetttramme på 199 mill. kr.
2. Ny felles ungdomsskule i Førde, Halbrend som 1-7-skule og Vassenden som kombinert barne- og ungdomsskule skal vere klar til skulestart 2027. Ombyggingane blir planlagt med krav om at alle elevane skal flytte inn i bygg med minst like god kvalitet innandørs og utandørs som dagens skular, og der det er lagt til rette for eit inkluderande læringsmiljø. Ei flytting av ungdomstrinnet ved Vassenden skule skal først skje når ungdomsskulebygget har kjøpar og prisen er tilfredstillande.
3. Det vert arbeidd vidare med planane for dei tre skulane med innvolvering av tilsette, foreldre og elevar i prosessen.
4. Kommunedirektør kjem tilbake til kommunestyret med kvalitetssikra budsjett for dei tre prosjekta nemnt i punkt 2 innan juni 2026. Prosjekta blir del av økonomiplan 2027-2031.
5. Utsetting av tiltaka ved Vassenden og Førde-skulane blir finansiert ved å utsette innsparingsmåla på skule i eitt år med beløp tilsvarande forventa innsparing på desse tre tiltaka på driftsbudsjettet.

Endringsframlegg frå Høgre til punkt 4., fremja av Paula Kathrine Lesto (H):

4. Ungdomstrinnet og barnetrinnet ved Vassenden skule blir samla til ein kombinert skule i barneskulebygget frå skulestart 2027.

Gjennomgang og svar på spørsmål ved kommunalsjef Åge Stafsnes

Avstemming:

Det vart gjennomført punktvis avstemming:

- SV sitt framlegg i 3 punkt **fall** med 2(Sv) **mot** 9 stemmer
- V sitt framlegg i 4 punkt **fall** med 4 (SV, V) mot 7 (Ap SP, H og Frp) stemmer

- H sitt endringsframlegg til kommunedirektøren sitt punkt 4, vart **tilrådd** med 6 (SV, V og H) **mot** 5 stemmer (AP, SP og Frp)

Kommunedirektøren sitt framlegg i punkt 1, 2 3 og 5 og 6 vart **tilrådd** med 7 (AP, SP, H og Frp) **mot** 4 røyster (Sv og V)

UOK-068/25 Vedtak:

1. Sande skule blir bygd etter dei planane og kostnadane som føreligg, med byggestart i februar 2026
2. Ny felles ungdomsskule blir ombygd etter dei planane og kostnadane som føreligg. Skulen skal vere klar til skulestart i 2026
3. Halbrend skule blir oppgradert med SFO og uteområde tilpassa ein barneskule frå skulestart 2026
4. Ungdomstrinnet og barnetrinnet ved Vassenden skule blir samla til ein kombinert skule i barneskulebygget frå skulestart 2027.
5. Tiltaka blir finansiert innafor ramma på 270 millionar kroner som er sett av i økonomiplanen til skuleformål. Justeringar mellom tiltaka blir ein del av arbeidet med økonomiplanen for 2026-2030
6. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere midlar mellom tiltaka ved behov for justeringar. Ved større endringar, eller avvik blir saka lagt fram for formannskapet for godkjenning.

Behandling i Ungdomsrådet 03.11.2025:

Fellesframlegg frå ungdomsrådet , fremja av Helene Andrea Haukereid ():

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg, med følgande tillegg:

- Elevråda og elevane må vere tett kopla på i den vidare prosessen og få høve til å kome med innspel.
- Det blir viktig å sikre ein god og trygg overgang for elevane til nye Førde ungdomsskule
 - Tidleg og klar informasjon til elevar, foreldre og tilsette om kva som skal skje og korleis dei blir involvert
 - Elevane bør få melde inn kven dei vil gå i klasse med.
 - Bør vere ei oppstartsveke på skulen med elevane på skulen, med omvising og aktivitetar før skulestart.
- Den nye ungdomskulen på Hafstad blir stor, så det er veldig viktig at det blir god tilgang på helsesjukepleiar og rådgjevarar.
- Usikker på om kommunedirektøren skal få fullmakt til å til å justere finansiering mellom tiltaka.
- Ungdomsrådet meiner det er urealistisk at det ikkje blir nokon kostnader knytt til samlinga av Vassenden skule. Det er viktig at skulebygget blir bra for ungdomsskuleelevane, og det bør bli sett av nokre midlar for å sikre tilfredsstillande oppgradering.
- På Vassenden skule bør barneskuletrinna og ungdomstrinna vere tydleg skilde frå kvarande.
- Ved Halbrend skule bør elevane 5-7. og 1-4 klasse med SFO vere skilde frå kvarandre på inne- og uteområde.

Åge Stafsnes, kommunalsjef skule, starta med ei orientering om saka.

Ungdomsrådet vart delt i grupper for å diskutere kommunedirektøren sitt forslag. Etter gruppearbeidet la alle gruppene fram sine innspel.

Alle gruppene vart stort sette einige i kommunedirektøren sitt forslag, men hadde nokre forslag til tillegg og endringar. Desse forslaga vart etter ein diskusjon gjort om til eit fellesframlegg for ungdomsrådet.

Avstemming:

Ungdomsrådet sitt fellesframlegg vart **einstemmig tilradd**

UR-048/25 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg, med følgande tillegg:

- Elevråda og elevane må vere tett kopla på i den vidare prosessen og få høve til å kome med innspel.
- Det blir viktig å sikre ein god og trygg overgang for elevane til Førde ungdomsskule
 - Tidleg og klar informasjon til elevar, foreldre og tilsette om kva som skal skje
 - Elevane bør få melde inn kven dei vil gå i klasse med.
 - Bør vere ei oppstartsveke på skulen med elevane på skulen, med omvising og aktivitetar før skulestart.
- Den nye ungdomskulen på Hafstad blir stor, så det er veldig viktig at det blir god tilgang på helsesjukepleiar og rådgjevarar.
- Ungdomsrådet meiner det er urealistisk at det ikkje blir nokon kostnader knytt til samlinga av Vassenden skule. Det er viktig at skulebygget blir bra for ungdomsskuleelevane, og det bør bli sett av nokre midlar for å sikre tilfredsstillande oppgradering.
- På Vassenden skule bør barneskuletrinna og ungdomstrinna vere tydleg skilde frå kvarande.
- Ved Halbrend skule bør elevane 5-7. og 1-4 med SFO vere skilde frå kvarandre på inne- og uteområde.
- Usikker på om kommunedirektøren skal få fullmakt til å til å justere finansiering mellom tiltaka.

Vedlegg i saka:

Ungdomsskule skisse plan 1

Ungdomsskule skisse plan 2

Notat kostnadsreduksjon ungdomsskule

Sande Skule Leveranse

Plan Sande skule

Kalkyle målpris Sande skule

Kalkyle FUSK ABCD Glassgård og Utomhus

Halbrend skule SFO og uteområde

Innspel frå FAU Førde ungdomsskule

Innspel frå FAU Halbrend skule

Innspel frå elevrådet ved Førde ungdomsskule

Aksjon mot skulestrukturtiltak - brev frå elevar i Sunnfjord

Brev frå elevar Sunnfjord kommune

A04 - Funksjonsplassering 1. etasje - Detaljert - Målpris 1

A05 - Funksjonsplassering 2. etasje - Detaljert - Målpris 1

A06 - Funksjonsplassering 3. etasje - Detaljert - Målpris 1